



Merete Lunde

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Svar - Revidert forslag - Alver - 324/4 m fl - Langeland B5 - detaljregulering - ref 16/2214 FMHO

Vi viser til epost sendt 18.02.22, med revidert forslag til handtering av avrenning til Mjåtveitelva i samband med reguleringsplan for Langeland B5.

Statsforvaltaren si vurdering

Det er ikkje årsikker vassføring i bekken som renn i planområdet trass i at den er synleg som bekk i kartet. Det gjer at denne bekken ikkje er like viktig for naturmangfaldet i Mjåtveitvassdraget som vi la til grunn tidlegare. Dermed slår ikkje det generelle lovkravet å ta vare på kantsona inn jf vassressurslova § 11. Det vil seie at vi kan akseptere at arealføremålet og tiltaka for bekkearealet og BKB vert som føreslått av tiltakshavar. Det vil også innfatte at det kan etablerast fangdammar i bekken som ein legg opp til, men med eit særleg fokus på å unngå avrenning av partiklar i samband med gjennomføring av tiltaket.

Det må blant anna innebere, som vert føreslått, at ein sørgjer for at overflatevatn frå ovanforliggande areal utanfor planområdet, som i dag renn gjennom planområdet, vert fanga opp og leia i røyr forbi tiltaksområdet. Det må vere rekkefylgjekrav til dette, slik at det vert gjort før graving i bekken.

Overflatevatn frå planområdet må i byggeperioden handterast for å sikra akseptabel vasskvalitet før det vert slept vidare til Mjåtveitvassdraget. Forslaget frå utbyggjar/konsulent om å ta utgangspunkt i vasskvalitet i bekken ovanfor utbyggingsområdet er greitt. Vi ber derfor om at ein i samband med dette tek gjentatte representative vassprøvar og utarbeider eit forslag til vasskvalitet basert på det.

Tiltak for å unngå partikkelavrenning til vassdraget må kome klårt fram i føresegnene til planen jf. vår uttale dagsett 10. mai 2021.

Vi vil vurdere trekking av motsegn når dette er innarbeida i planen og kommunen har vurdert saka.



Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG